



## Modningsgrad ved hausting av Edda

Bilete 1:

Umogen plomme med synleg grønleg grunnfarge. Skal ikkje haustast.



Bilete 2:

Lite mogen plomme med raudfiolett dekkfarge over 2/3-deler av overflata. Fastleiken er 70-80 målt med Durofel fastleiksmålar. Bør ikkje haustast.



Bilete 3:

Høveleg mogningsgrad ved hausting til vanleg omsetning:  
**Raudfiolett dekkfarge over heile plomma og grunnfargen er vanskeleg å vurdera. Farge tilsvarande farge 5 i søtkirsebærfargeskalaen.**  
Skal føla at skinnen gir etter ved eit lett trykk.  
Fastleiken er 60-70 målt med Durofel fastleiksmålar



Bilete 4:

Godt mogen plomme som er heilt dekkta med djup raudfiolett farge. Fastleiken er 50-60 målt med Durofel fastleiksmålar. Må omsetjast snarast!



Bilete 5:

Overmogen mørk raudfiolett plomme som ikkje kan omsetjast. Plomma er mjuk (under 50 målt med Durofel).





## Modningsgrad ved hausting av Opal

Bilete 1:

Umogen plomme mest utan raudleg dekkfarge og grøn grunnfarge.  
Må fåmogna meir på treet.

Bilete 2:

Raudleg dekkfarge på om lag ein tredel av overflata og svakt gulgrøn til gulaktig grunnfarge.  
Fastleiken er 70-80 målt med Durofel fastleiksmålar.

Bilete 3:

Raudfiolett dekkfarge på om lag halve plomma og gulaktig grunnfarge.  
Fastleiken er 60-70 målt med Durofel fastleiksmålar

Optimal haustetid for Opal: Skal haustast mellom bilete 2 og 3.

Det er betre å hausta nærare 2 enn 3.

Skal pakkast ved pakkeria under bilete 3.

Bilete 4:

Godt mogen plomme som må omsetjast snarast!  
Fastleik mellom 50-60.

Bilete 5:

Overmogen plomme som ikkje kan omsetjast. Plomma er mjuk.





## Mogningsgrad ved hausting av Mallard

### Bilete 1:

Umogen plomme mest utan raudleg dekkfarge og grøn grunnfarge. Bør få mogna meir på treet.



### Bilete 2:

Høveleg modningsgrad er rett etter dette stadiet:

Raudleg dekkfarge på om lag ein tredel av overflata og svakt gulgrøn grunnfarge. Fastleiken er 70-80 målt med Durofel fastleiksmålar.



### Bilete 3:


Høveleg mogningsgrad ved hausting til vanleg omsetning med rask og god nedkjøling.

Over halve plomma har raudleg dekkfarge og grunnfargen er gulaktig. Fastleiken er 60-70 målt med Durofel fastleiksmålar.



### Bilete 4:

Godt mogen plomme som må omsetjast snarast med rask og god nedkjøling. Fastleik mellom 50-60.



### Bilete 5:

Overmogen plomme som ikkje kan omsetjast. Plomma er mjuk (under 50 målt med Durofel) og er heilt dekkta med mørkraudfiolett farge.






## Mogningsgrad ved hausting av Reeves

### Bilete 1:

Umogen plomme mest utan raudleg dekkfarge og grøn grunnfarge. Må få mogna meir på treet.



### Bilete 2:

Lite mogen plomme med raudleg dekkfarge på om lag ein tredel av overflata og svakt gulgrøn grunnfarge. Løyer ikkje stilken. Fastleiken er 70-80 målt med Durofel fastleiksmålar. Bør ikkje haustast enno.



### Bilete 3:

Høveleg mogningsgrad ved hausting til vanleg omsetning. Over halve plomma har raudleg dekkfarge og grunnfargen er gulaktig. Kan haustast ned til 50% raudleg dekkfarge. Løyer silken når ein haustar plomma av treet. Fastleiken er 60-70 målt med Durofel fastleiksmålar



### Bilete 4:

Godt mogen plomme som er mest heilt dekka med raud farge. Fastleiken er 50-60 målt med Durofel fastleiksmålar. Må omsetjast snarast.



### Bilete 5:

Overmogen raudfiolett plomme som ikkje kan omsetjast. Plomma er mjuk (under 50 målt med Durofel).





## Mogningsgrad ved hausting av Avalon

### Bilete 1:

Umogen plomme mest utan raudleg dekkfarge og grøn grunnfarge. Må få mogna meir på treet.

### Bilete 2:

Raudleg dekkfarge på om lag ein tredel av overflata og svakt gulgrøn grunnfarge. Fastleiken er 70-80 målt med Durofel fastleiksmålar. Vil vera svært frisk i smaken så dersom det er mogeleg bør plomma få mogna meir på treet.

Optimal haustetid: utviklinga bør nærma seg bilete 3.

### Bilete 3:

Høveleg mogningsgrad ved hausting til vanleg omsetning:  
**Mest heile plomma har raudleg dekkfarge og grunnfargen er gulaktig.**  
Fastleiken er 60-70 målt med Durofel fastleiksmålar

### Bilete 4:

Godt mogen plomme som må omsetjast snarast!  
Fastleik mellom 50-60.

### Bilete 5:

Overmogen plomme som ikkje kan omsetjast. Plomma er mjuk (under 50 målt med Durofel) og er heilt dekkta med raudfiolett farge.





## Mogningsgrad ved hausting av Excalibur

Bilete 1:

Umogen plomme mest utan raudfarge og grøn grunnfarge. Skal ikkje haustast.

Bilete 2:

Lite mogen plomme med litt raudleg dekkfarge (10-20% av overflata) og svakt gulgrøn grunnfarge. Fastleiken er 70-80 målt med Durofel fastleiksmålar.

Optimal haustetid: Når utviklinga er mellom bilete 2 og 3

Bilete 3:

Om lag halve plomma har raudleg dekkfarge og grunnfargen er gulaktig. Fastleiken er 60-70 målt med Durofel fastleiksmålar

Bilete 4:

Godt mogen plomme som er mest heilt dekkta med raud farge. Fastleiken er 50-60 målt med Durofel fastleiksmålar. Må omsetjast snarast!

Bilete 5:

Overmogen raudfiolett plomme som ikkje kan omsetjast. Plomma er mjuk (under 50 målt med Durofel).





## Modningsgrad ved hausting av Victoria

### Bilete 1:

Umogen plomme mest utan raudleg dekkfarge og grøn grunnfarge. Må få mogna meir på treet.

### Bilete 2:

Høveleg mogningsgrad ved hausting til vanleg omsetning.

Raudleg dekkfarge på om lag ein tredel av overflata og svakt gulgrøn til gulaktig grunnfarge.

Fastleiken er 70-80 målt med Durofel fastleiksmålar.

Optimal haustetid: Frå bilete 2 og fram til den nærmar seg bilete 3.

### Bilete 3:

Rauleg dekkfarge på om lag halve plomme og gulaktig grunnfarge.

Fastleiken er 60-70 målt med Durofel fastleiksmålar

### Bilete 4:

Godt mogen plomme som må kjølast raskt og godt ned og omsetjast snarast. Fastleiken er mellom 50 og 60 Durofel-einingar.

### Bilete 5:

Overmogen plomme som ikkje kan omsetjast. Plomma er mjuk (under 50 målt med Durofel) og er heilt dekkta med raud farge.





## Modningsgrad ved hausting av Jubileum

Bilete 1:

Umogen plomme med bleik raudleg farge. Må få mogna meir på treet.



Bilete 2:

Lite mogen plomme med raudfiolett dekkfarge på det meste av frukta. Fastleiken er 70-80 målt med Durofel fastleiksmålar. Bør få modna meir på treet.



Bilete 3:

Høveleg mogningsgrad ved hausting til vanleg omsetning:  
**Heile plomma er blåfiolett og grunnfargen er vanskeleg å vurdera.**  
Skal føla at skinnen gir etter ved eit lett trykk.  
Fastleiken er 60-70 målt med Durofel fastleiksmålar



Bilete 4:

Godt mogen plomme som er djupt blåfiolett. Fastleiken er 50-60 målt med Durofel fastleiksmålar. Må kjølast raskt og godt ned og omsetjast snarast.



Bilete 5:

Overmogen blåfiolett plomme som ikkje kan omsetjast. Plomma er mjuk (under 50 målt med Durofel).

